



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1240 - 14/18383

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

15.08.2014

Søknad om skjønsmidler til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - Skisse og forprosjekt for forlenging av almenningen frå Knarvik sentrum til idretts- og skuleområdet

Vi viser til Fylkesmannen i Hordaland sitt brev til kommunane datert 22.04.2014 der det vert informert om søknadsmoglegheit til skjønsmidler til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane for 2014.

Når det gjeld søknad om studietur, viser vi til felles søknad frå kommunane Bergen, Fjell, Askøy og Lindås som er utforma for samarbeidsprosjektet «Byregionprogrammet Bergensregionen». Det er ynskjeleg at også dei som arbeider konkret med Knarvik sentrum områdeplan, både frå politisk hald og frå administrasjonen får høve til å delta på denne studieturen.

Lindås kommune søker med dette om midlar frå prioriteringsområdet plan- og byggesak: «by- og tettstadsutvikling». Prosjektet kommunen søker tilskot til er utarbeiding av skisse- og forprosjekt for forlenging av allmenningen frå Knarvik sentrum til idretts- og skuleområdet nord for sentrum.

Områdeplan for Knarvik sentrum er til offentlig ettersyn med merknadsfrist 22. september 2014. Eit overordna mål for sentrumsplanen og tidlegare godkjende områdeplanar, er å knyta saman områda i Knarvik med omsyn til gåande og syklende, barn og unge, og i forhold til grønstruktur og siktaksar. I nord ligg rekreasjonsområdet Lonena saman med idretts- og skuleområdet. I dag er (del av) vidaregåande skule og ungdomsskulen lokalisert nord for Knarvik sentrum, og det er og lagt inn areal til ny barneskule i dette området. Ved å leggje til rette for gode aksar og byrom på strekket frå Nordhordlandshallen og rekreasjonsområdet Kvassnesstemma søraust for Knarvik sentrum, vil vi kunne oppnå at fleire går og sykklar, samt at det å vere ute i Knarvik vert ei betre oppleving enn i dag. Ved å leggje til rette for fleire møteplassar med moglegheiter for aktivitetar for ulike funksjonsnivå, vil fleire også kunne bruka områda. Forbindelsen til idretts- og skuleområdet er særleg viktig med omsyn til barn og unge. Gangaksen og almenningen vil verte

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



den viktigaste skulevegen for svært mange. Veggen er i dag ikkje universelt utforma og endar opp på eit trafikkareal på nordsida av Knarvik senter.

I planmaterialet som er utarbeidd, er områda knytt saman gjennom ein gangakse/ allmenning. Som del av planarbeidet med områdeplan for Knarvik er allmenningen ført fram til forprosjektnivå i strekninga frå Knarvik senter og sør til Kvassnesstemma. Det kommunen ser som svært viktig no er å styrkje og tydeliggjere gangforbindelsen frå Knarvik senter og opp til skule- og idrettsområdet. Her ligg Knarvik vidaregåande skule, Knarvik ungdomskule, Nordhordlandshallen (idrettshall), idrettsbaner, Rådhuset, og ny Knarvik kyrkje (som opnar i år). To barnehagar ligg og i tilknytning til dette området. Med tanke på at det skal byggjast meir i Knarvik, både innanfor sentrumsområda (områdeplan for Knarvik sentrum), og nord og aust for Knarvik, vil det kome fleire innbyggjarar som vil ha behov for gode soner for rekreasjon og uteopphald.

Lindås kommune ynskjer å starte opp eit forprosjekt som forlengjer gangforbindelsen/ allmenningen til idrettsområdet. Prosjektområdet ligg delvis i områdeplan for Knarvik sentrum og delvis i områdeplan for Lonelva-Juvikvarden (godkjent i 2011).

Skisse-/ forprosjektet skal sikra god utforming av gangforbindelsen/ allmenningen.

Nokre moment som er viktige i utforming av allmenningen:

- Utforma gangforbindelsen med universell tilgjenge, evt vurderer andre trasar for å ivareta den, utfordring; stor høgdeskillnad
- Ivareta siktlinjer, visuell kontakt ned til allmenningen
- Knytta saman forbindelsen med allmenningen med omsyn til materialbruk, lyssetting, utforming mm
- Styrkja Knarvik sentrum for mjuke trafikantar
- Tydeliggjere forbindelsen mellom skule – og idrettsområdet og sentrum
- Vurdera bruk og utforming av området framfor Knarvik kyrkje og Nordhordlandshallen som i dag er parkeiringsplass

Lindås kommune vil bruke/ hyra inn konsulentar til å utarbeide forprosjektet. Kostnadsomfanget er ikkje klart enno, men vert ettersendt til søknaden.

Vedlegg:

1. *III. reguleringsplankart som viser avgrensing av forprosjektområdet*
2. *III studieområdet detaljert*
3. *III. foto Knarvik Kyrkje*
4. *III. Skråfoto frå senteret og nordover mot kyrkjetomten, oversiktsfoto som viser områda i ein større samanheng.*

Sakshandsamar: Trude Langedal og Frøydis Ones

Med helsing

Arnold Matre
Fagleiar

Frøydis Ones
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.


Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland


Kommunal- og 5020
samfunnsplanavde
linga

BERGEN

Vedlegg 1 III. reguleringsplankart, avgrensning av forprosjektområdet



Vedlegg 2 III. studieområdet detaljert



Vedlegg 3 Kyrkja i Knarvik



Vedlegg 4 Skråfoto

Mot nord



Oversiktsbilde 1 – mot aust



Oversiktsbilete 2 – mot søraust

